



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

TILSYNSRAPPORT

Skulen sitt arbeid
med elevane sitt utbytte av opplæringa
og
skulebasert vurdering

Hjelmeland kommune

Hjelmeland skule

21.12.2017

Innhald

1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Hjelmeland kommune – Hjelmeland skule	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular	4
2.2 Tema for tilsynet	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
2.4 Eigenvurdering	5
2.5 Gangen i tilsynet	5
Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa	6
3. Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag.....	6
3.1 Rettslege krav	6
3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar	7
3.3 Fylkesmannen sine vurderingar	8
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon	9
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte	9
4.1 Rettslege krav	9
4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar	11
4.3 Fylkesmannens vurderingar	11
4.4 Fylkesmannen sin konklusjon	12
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning	12
5.1 Rettslege krav	12
5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar	13
5.3 Fylkesmannen sine vurderingar	13
5.4 Fylkesmannen sin konklusjon	14
6. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring.....	15
6.1 Rettslege krav	15
6.2 Fylkesmannen sine undersøkingar	15
6.3 Fylkesmannen sine vurderingar	15
6.4 Fylkesmannen sin konklusjon	16
Del 2: Skulebasert vurdering	16
7. Om tema	16
8. Skulebasert vurdering	17

8.1 Rettslege krav	17
8.2 Fylkesmannen sine undersøkingar	18
8.3 Fylkesmannen sine vurderingar	19
8.4 Fylkesmannen sin konklusjon	19
9. Frist for retting av brot på regelverket	19
10. Kommunen sin frist til å rette	21
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	22

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 06.06.2017 tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, og skulebasert vurdering i Hjelmeland kommune. Undersøkingane er gjennomført på skulenivå ved Hjelmeland skule.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og inneheld tre område: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Dette tilsynet har undersøkt det første og siste av desse områda. Utdanningsdirektoratet har utarbeida rettleiingsmateriell¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen gjennomførte ei samling med informasjon og rettleiing 29.08.2017.

Det er skuleeigar som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir haldne, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Skuleeigar er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av brot på regelverket som er avdekte under tilsynet. Fristen er **23.03.2018**. Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

2. Om tilsynet med Hjelmeland kommune – Hjelmeland skule

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd og jf. kommunelova kap. 10 A. Fylkesmannen sitt tilsyn på opplæringsområdet er eit lovlegtilsyn, jf. kommunelova § 60 b. Fylkesmannen sitt tilsyn med offentlege skular er utøving av mynde og skjer i samsvar med forvaltningsretten sine reglar for dette.

I dei tilfelle Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, reknast dette som brot på regelverket, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne, som er brote.

2.2 Tema for tilsynet

Temaet for den første delen av tilsynet er retta mot kjerneverksemda i skulen: skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna føremålet med tilsynet er å bidra til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet er:

- Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

¹ <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn#111280>

- Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

Tilsynet skal bidra til at skuleeigar som ansvarleg sørgjer for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involvert i eige læringsarbeid for å auke eige utbytte av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva utbytte dei har av opplæringa
- blir følgt opp og får nødvendig tilrettelegging når utbytte av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

I tilsynet vurderer vi om elevane får dette på Hjelmeland skule.

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert sine moglegheiter eller får lite utbytte av opplæringa.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Hjelmeland kommune blei opna gjennom brev av 06.06.2017. Skuleeigar har blitt pålagt å leggje fram dokumentasjon for Fylkesmannen med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er basert på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, sjå vedlegg.

2.4 Eigenvurdering

Dokumentasjonen skulen har sendt inn er hovudsakeleg valt ut for å underbygge svara rektor og lærarar har gitt i eigenvurderingsskjema. Føremålet med eigenvurderinga er blant anna å setje i gang endringsprosessar på skulen og hos skuleeigar på dei områda eigenvurderinga konkluderer med manglande regelverketterleving. Eigenvurderinga er slik også meint å ha ein kompetansehevande funksjon.

Når eigenvurderingsskjema etter dette blir omtalt, bruker Fylkesmannen kortforma EVS.

Innhaldet i EVS er knytt opp til temaet for tilsynet. Rektor og lærarane har svart «ja» eller «nei» på spørsmåla som blir stilt i EVS. Svara måtte underbyggjast med skriftleg dokumentasjon. Dokumenta det blei vist til i EVS, og annan dokumentasjon Fylkesmannen bad om, utgjer dokumentasjonen Fylkesmannen har vurdert i tilsynet.

2.5 Gangen i tilsynet

20.03.17: Varsel om tilsyn

26.04.17: Rettleiing i Hjelmeland kommune, Tysværtunet

22.09.17: Frist for innsending av dokumentasjon

19. og 20. 09.17: Intervju på Hjelmeland skule

17.11.17: Førebels tilsynsrapport og varsel om pålegg

21.11.17: Sluttmøte

05.12.17: Frist for å gi merknadar til førebels tilsynsrapport og varsel om pålegg

21.12.2017: Endeleg tilsynsrapport

Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

3. Skulen sitt arbeid med opplæringa i fag

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med opplæringa i fag. Vi viser også til kva reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det betyr at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og bidrar til at desse blir nådd. Rektor må organisere skulen slik at dette blir ivaretatt jf. opplæringslova § 2-3.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet ivaretar eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurdering av eleven sin kompetanse.

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og bidra til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at desse er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal også kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer eit arbeid. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå de ulike karakterane. Rektor må organisere skulen slik at det blir sikra at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For dei fleste fag i grunnskulen og for nokre fag i vidaregåande skule er kompetansemåla sett per hovedtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovedtrinnet gjennom opplæringsløpet. Ein elev som får spesialundervisning, kan ha unntak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane, jf. opplæringslova § 5-5. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal komme fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). Skulen må sikre at eleven si opplæring dekkjer dei individuelle opplæringsmåla.

Alle elever som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må komme fram av IOP-en kva tidsintervall den gjeld for.

Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa har avvik frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/skuleeigar gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gi tilråding om innhaldet i opplæringa, blant anna realistiske opplæringsmål for eleven og kva opplæring som gir eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik frå sakkunnig vurdering må grunnjevast. Vedtaket om spesialundervisning set rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er fatta enkeltvedtaket om spesialundervisning.

IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avvik frå ordinære læreplanar, og skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med den ordinære opplæringa etter klassen sine planar.

Reglane om innhald i opplæring etter kompetansemåla i læreplanane gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingspotensiale for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innanfor det same totale undervisningstimetallet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre angir færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette også kome klart fram i IOP-en. Det må også kome klart fram i kva fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring i klassen. Skulen må ha ein framgangsmåte som angir korleis spesialundervisninga og den ordinære opplæringa skal sjåast i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeida av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Rektor, og faglærarane i matematikk, kunst og handverk og samfunnsfag, har fylt ut eigenvurderingsskjema (EVS) der dei grunnjev kvifor dei meiner at dei oppfyller, eventuelt ikkje oppfyller, krav til opplæring og elevvurdering gjennom vedlagd dokumentasjon. Desse, saman med plandokument, rutinar, dokumentasjon og enkeltvedtak knytt til spesialundervisning, særskilt språkopplæring og intervju, dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

3.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Dokumenta *Rutinar for arbeid med fagplanar* og *Vår praksis for undervegsvurdering*, saman med svar i intervju, viser at faglærarane har ansvar for å utvikle fagplanar for kvart årstrinn i alle fag innan 1.oktober. Rutinen sikrar også at heile læreplanen blir dekt i løpet av hovudtrinnet. Rutinen seier vidare at læringsmåla i fagplanane skal bygge på og ta i vare både kunnskaps- og ferdigheitselementa i kompetansemåla, og elevane skal gjerast kjent med kompetansemåla. Fylkesmannen har fått sjå døme på fagplanar i ulike fag, og svar frå intervju viser at lærarane presenterer måla i fagplanane for elevane, og at desse såleis er kjent med dei.

Det er også eit rettsleg krav at rektor skal sikre at opplæringa dekkjer dei individuelle opplæringsmåla i IOP. Dokumentet *IOP-skriving ved Hjelmeland skule* inneheld ei føring om at *spesialpedagog/støttelærar har ansvar for å skrive inn...opplæringsmål i faget. Desse skal vere konkrete og målbare*. Innsendt dokumentasjon viser at det ikkje i alle tilfelle er utarbeidd konkrete og målbare mål i IOP. Dette inneber at rektor ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at opplæringa dekkjer dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Særleg rutinen *Vår praksis for undervegsvurdering* presiserer korleis, og at, eleven skal gjerast kjent med grunnlaget for vurdering av eigen kompetanse:

b. Me synleggjer mål og meining i faget

Forklart og vist ut frå kriterium/oppskrift/kravspesifikasjonar/modellering/skriverammer m.m.) i undervisninga

Intervju, fagplanar og prosjektskisser/oppgåver viser at det er varierende praksis når det gjelder å utvikle vurderingskriterium, som samstundes har klar samanheng med kompetansen måla i læreplanane spør etter. Nokre fag har utvikla kriterium som gjeld uavhengig av måloppnåing, og i andre fag har vi ikkje sett døme på kriterium. Dette inneber at kravet til at rektor skal sikre elevane sin rett til å vite kva som er vektlagt i vurderinga av deira kompetanse, ikkje kan sjåast å vere innfridd. Vi vil komme nærare inn på dette i kapittel 4.

Hjelmeland skule har sendt inn 3 elevsaker. Elevsakene inneheld sakkunnige vurderingar, vedtak, individuelle opplæringsplanar og årsrapportar. Med bakgrunn i dei innsendte elevsakene, intervju og dokumentet *IOP-skriving ved Hjelmeland skule*, er Fylkesmannen sin konklusjon at det blir utarbeidd IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning.

Dei innsendte vedtaka byggjer på sakkunnige vurderingar frå PP-tenesta, og innhaldet i opplæringa (som går fram av IOP) samsvarar med vedtaka. I to av elevsakene går det fram at elevane følgjer ordinære læreplanar i faga, medan i den tredje elevsaka går det fram at eleven si opplæring avvik frå ordinære læreplanar i to fag. I desse faga går det ikkje klart og tydeleg fram av IOP kva mål eleven skal ha for opplæringa. Fylkesmannen sin konklusjon er at innhaldet i IOP samsvarar med enkeltvedtaka som ligg til grunn for opplæringa, men at ikkje alle IOP-ane fullt ut inneheld eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avvik frå ordinær læreplan.

Det er eit rettsleg krav at skolen skal ha ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP er samordna med klassen sine planar. Av dokumentet *IOP-skriving ved Hjelmeland skule* går det fram at det er *viktig å hugse på at IOP skal i størst mulig grad samsvare med klassen sin*

fagplan. I dokumentet *Ansvarsområde og arbeidsoppgåver spes.ped.* heiter det at spes.ped.koordinator skal *sikre rutinar og innhald* i arbeidet med IOP. Intervju stadfestar at dei tilsette er kjende med desse dokumenta. Fylkesmannen sin konklusjon er at Hjelmeland skule har ein framgangsmåte for å sikre at IOP er samordna med klassen sine planar, og at framgangsmåten er innarbeid hos dei tilsette ved skulen.

3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Rektor sikrar

- at undervisningspersonalet knyter opplæringa sitt innhald til kompetansemål i det enkelte faget
- at undervisningspersonalet tar vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa
- ikkje elevane sin rett til å bli gjort kjent med kva det blir lagt vekt på i vurdering av deira kompetanse
- at opplæringa samla dekker alle kompetansemåla på hovudtrinnet i faget
- ikkje fullt ut at opplæringa dekkjer individuelle opplæringsmål i IOP

Hjelmeland skule

- utarbeider IOP for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning
- sørger for at innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa
- sørger ikkje for at alle IOP-ane fullt ut inneheld eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avvik frå ordinær læreplan.
- har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP er samordna med klassen sine planar

4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser også til kva reglane i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.

Elevane skal gjerast kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld også for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal gjerast i stand til å forstå kva dei skal lære og kva som er føremålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det betyr at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett eller at elevane kan få dei ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke kompetanse sin.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gi god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere eit reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-2 og 3-11. Undervegsvurdering skal bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk, den kan både være skriftleg og munnleg, skal innehalde grunnleggjande informasjon om kompetansen til eleven og skal gis med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eigen fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må sørge for at elevane blir involvert i dette. Elevane si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurdering midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje kompetansen til eleven knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal også gi rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa. Dette gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Vurderinga kan vere både skriftleg og munnleg.

Frå og med 8. årstrinn skal halvårsvurdering både med og utan karakter gjennomførast midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret dersom faget ikkje blir avslutta. Halvårsvurderinga med og utan karakter viser då den same kompetansen.

Skulen må gjennomføre halvårsvurderingar på rett tidspunkt og ha ein innarbeida framgangsmåte som er i samsvar med forskrifta.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP-en.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal blant anna gi vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapportar har eit innhald som er i samsvar med forskrifta.

4.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Funn, slik dei blir omtalt i neste avsnitt, byggjer på dokumentasjon som nemnt under 3.2.

4.3 Fylkesmannens vurderinger

Som vist i kapittel 3.3 legg vi til grunn at elevane blir rettleia i kva for kompetansemål opplæringa er knytt til. Dokumentet *Vår praksis for undervegsvurdering* viser at skulen arbeider bevisst med å utvikle god praksis for opplæring og vurdering. Læringsmåla som skulen vel lokalt er i stor grad gode og relevante i høve til måla i læreplanen. Fylkesmannen vil peike på tydinga av å ta i vare den samla kompetansen måla i læreplanen spør etter når ein utviklar læringsmål og vel undervisningstema. Dette siste punktet er også avgjerande for å utvikle gode og heilskaplege vurderingskriterium. Det kan sjå ut for Fylkesmannen som at ikkje alle utviklar vurderingskriterium i sine fag, men vi har og sett døme på gode prosjektoppgåver som dekker kompetansemål frå ulike delar av læreplanen. Faglærar har valt teknikk for korleis oppgåva skal løysast, og så utvikla til dels særskilte vurderingskriterium for teknikkar innan dette uttrykket. Utfordringa blir at vurderingskriteria blir for smale for å fremje kompetansen måla samla sett spør etter, og at berre nokre av kriteria viser kva som ligg i dei ulike nivåa av måloppnåing. Fylkesmannen meiner likevel å peike på dette som eit godt døme på god forståing for læreplan, lokalt læreplanarbeid og tydinga av vurderingskriterium. Vi oppmodar skulen til å utvikle presise og relevante vurderingskriterium i alle fag. Dette vil vere eit viktig skritt i skulen sitt utviklingsarbeid innan vurdering. Kva som ligg i kravet til at elevane skal vere kjent med kva det blir lagt vekt på, tilbakemelding på kva dei meistarar og kva dei kan gjere for å bli betre, er at det skjer med utgangspunkt i kva kompetansemåla spør etter.

Elevane skal bli involvert i vurdering av eige læringsarbeid, og dei skal vurdere eigen kompetanse etter dei same kriteria som lærar. Dokumentet *Vår praksis for undervegsvurdering* pkt.d viser korleis dette skal skje på Hjelmeland skule. Svar i intervju støttar langt på veg at lærarane nyttar ulike metodar for eigenvurdering; som bruk av læringspartnar, korking av timen med meir. Likevel er det slik at viss ikkje lærar har utvikla vurderingskriterium som klart kan knyttast til kompetansemåla, så vil det i neste omgang føre til at eleven vurderer seg sjølv etter andre kriterium enn det som fremjar kompetanse etter læreplanane i faga.

Skulen skal ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevane frå og med 8. årstrinn skal får halvårsvurdering med og utan karakter, og framovermelding med sikte på å utvikle kompetanse. Denne halvårsvurderinga skal skje midt i opplæringsperioden, og på slutten av opplæringsåret for fag som ikkje er avslutta. Dokumenta *Vår praksis for god undervegsvurdering* pkt. d, *Elev- og utviklingssamtale*, *Min eigenvurdering før elevsamtalen* og svar i intervju, viser at dette er ein innarbeidd praksis. Sjølv sagt er det slik som drøfta over, at tilbake- og framovermeldingane, skriftleg som munnleg, skal vere ei vurdering etter måla i læreplanane. Vi vurderer likevel at skulen har eit system som er eigna til å sikre at kravet blir oppfylt.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Det rettslege kravet her inneber at skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP. Av dokumentet *IOP-skriving ved Hjelmeland skule* går det fram at *Det skal skrivast årsrapportar for alle elevar med IOP. Denne rapporten skal innehalde tilbakemelding på kva eleven har oppnådd i faget og kva som må gjerast for å auke kompetansen.* Hjelmeland skule har lagt fram tre årsrapportar utarbeidde våren 2017 for tilsynet. Årsrapportane har hovudoverskrifta *Evaluering av opplæringa relatert til mål i IOP*, og inneheld mellom anna vurderingar knytte til *Fagleg utvikling/Resultat av opplæringa*. Fylkesmannen si vurdering er at årsrapportane knytt til IOP-ar som har klare og tydelege mål, er i samsvar med det rettslege kravet ovanfor. I årsrapporten knytt til IOP der det ikkje klart og tydeleg går fram av IOP kva mål eleven skal ha for opplæringa, vil det ikkje vere mogleg å gi ei vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP. Fylkesmannen sin konklusjon er derfor at skulen ikkje har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapportar inneheld ei vurdering av eleven sin utvikling ut frå måla i IOP.

4.4 Fylkesmannen sin konklusjon

- Lærarane rettleier elevane i kva kompetansemål frå LK06, eller kva mål i IOP opplæringa er knytt til
- Lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva det blir lagt vekt på i faga
- Lærarane gir ikkje alltid elevane tilbakemeldingar på kva de meistrar i faga
- Lærarane rettleier ikkje alltid elevane i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga
- Lærarane sørger ikkje alltid for å involvere elevane i eige vurderingsarbeid
- Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gir informasjon om elevane sin kompetanse i faga, og rettleiing i korleis elevane kan auke kompetansen sin
- Skulen har ikkje ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapportar inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP

5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser også til dei reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elever har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den einskilde eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha

ein kjent og innarbeida framgangsmåte slik at lærarane vurderer systematisk og løpande om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og basert på vurderinga må skulen eventuelt gjennomføre tiltak innanfor tilpasset opplæring. Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytt til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan bidra til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må være kjent og innarbeida. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt blir tilvist til PPT for ein sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skulen må ha en innarbeida framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor. I nokre tilfelle vil skulen si vurdering og utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har då krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gi spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekket. Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeida blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

5.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Svar på spørsmåla knytte til dette hovudområdet er henta frå innsendt dokumentasjon, EVS og intervju. Sjå punkt 3.2.

5.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Av dei rettslege krava går det fram at skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elever har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. I intervju kom det fram informasjon om at skulen gjennomfører nasjonale prøver, og at nokre lærarar har begynt å bruke læringsstøttande prøver. Av EVS og intervju kjem det fram at vurderingar knytte til om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa hovudsakleg blir gjort i samband med ulike vurderingssituasjonar som elevane har. Det blir også nemnt i EVS at i eitt av faga nyttar ein seg av eit systematisk kartleggingsverktøy utarbeidd til læreboka. Av *Ansvarsområde og arbeidsoppgåver spes.ped* går det fram at spes.ped.ansvarleg skal *heile året etterspørre ståstad i klassane ift læringsutbytte*. For Fylkesmannen framstår skulen si vurdering på dette området likevel som usystematisk. Fylkesmannen sin konklusjon er derfor at skulen ikkje har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Vidare er det eit rettsleg krav at skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Av dokumentet *Ansvarsområde og arbeidsoppgåver spes.ped* går det fram kva spes.ped.ansvarleg skal gjere på *plandag oppstart av nytt skuleår: Sikre at lærar veit kva prosedyrar me har for når elevane ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa* (vår understreking). Prosedyrane blir deretter skissert: *1. Lærar vurderer innhald og organisering av undervisninga, evt. endre praksis. 2. Melde inn utfordringar til ...spes.ped.ansvarleg. Saman vurdere løysingar.* Av intervju går det fram at dersom skulen avdekkjer at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, ser ein til dømes på klasse miljøet og eventuelt omlegging av undervisning. For Fylkesmannen framstår skulen si vurdering også på dette området som usystematisk. Fylkesmannen sin konklusjon er derfor at skulen ikkje har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Det er også eit krav at basert på vurderinga av arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø, må skolen eventuelt gjennomføre tiltak innanfor tilpassa opplæring. I EVS går det fram av svara på spørsmålet *Gjennomfører skolen tiltak i dei tilfella det blir avdekt at elevane ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa* at ved slike høve er det mest vanleg å ta kontakt med spes.ped.ansvarleg. Av intervju går det fram at det då kan bli gjennomført ei kartlegging av eleven, og at skulen har dialog med PPT. Det går også fram av intervju at det kan bli sett inn ekstra ressursar i klassen, og/eller at eleven får vere med i ei gruppe med andre elevar. Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltak innanfor tilpassa opplæring i tilstrekkeleg grad er basert på ei vurdering av arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø. Fylkesmannen sin konklusjon blir derfor at skulen sine eventuelle tiltak innanfor tilpassa opplæring ikkje er presise nok som ei følge av dette.

Dersom tiltak knytt til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø ikkje bidrar til at elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, må skulen vurdere om elevane har behov for spesialundervisning. Lærarane må også melde behov om spesialundervisning til rektor. Av innsendt dokumentasjon og intervju går det fram at skulen har rutinar for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og at behov for spesialundervisning blir meldt til rektor, oftast gjennom spes.ped.ansvarleg. Fylkesmannen sin konklusjon er at Hjelmeland skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

5.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Hjelmeland skule

- har ikkje ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- har ikkje ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring på bakgrunn av denne vurderinga

- har ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og sikrar at lærarane melder frå om behov for spesialundervisning til rektor

6. Vurdering av behov for særskilt språkopplæring

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt dei rettslege krava for tilsynet med skulen sitt arbeid med å vurdere behov for særskilt språkopplæring. Vi viser også til reglane i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein innarbeida framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskilt norskopplæring må ein innarbeida framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnsopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk, har rett til særskilt norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skuleeigar har ansvaret for at kartlegginga av elevane sine norskerdigheiter blir gjort før vedtaket om særskilt språkopplæring. I dei fleste tilfelle er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må også vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein kjent og innarbeida framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med vedtak om særskilt språkopplæring skal få kartlagt sine norskerdigheiter undervegs i opplæringa.

Skulen skal også kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

6.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Fylkesmannen baserer vurdering og konklusjon på rutinen *Minoritetsspråklege elevar og særskilt språkopplæring*, og svar gitt i intervju.

6.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Nykomne minoritetsspråklege elevar ved Hjelmeland skule får tilbod om eit særskilt innføringstilbod 18 timar i veka i inntil to år. Kartlegginga skjer kontinuerleg av ansvarlege for opplæringa. Når eleven har nådd nivå 2, gjer skulen ei vurdering av om eleven bør ha opplæring i ordinær klasse, med særskilt norskopplæring og tilrettelagd fagopplæring. Det er ingen elevar som får tospråkleg fagopplæring eller morsmålsopplæring på Hjelmeland skule. Rektor grunngeiv dette med at det ikkje har vore kompetent personale med aktuelle språk tilgjengelege i kommunen. Hjelmeland har no tilsett ein arabisktalande, som og vil gå inn i

den særskilte språkopplæringa for elevar med arabisk som morsmål. Det har blitt vurdert om elevar har behov for tospråkleg fagopplæring eller opplæring i morsmålet. Der ein har konkludert med eit slikt behov har ein så langt inkludert opplæring etter § 2-8, tredje ledd, altså *anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane*. Dette har primært vore meir særskilt norskopplæring, eller det skulen kallar tilrettelagd fagopplæring.

Fylkesmannen vurderer krava i lova om særskilt språkopplæring som innfridde, men vil oppmode kommunen om å vurdere anten full opplæring i særskilt opplæringstilbod i dei tilfella, eller for det tidsrommet, det er naudsynt. Slik ordninga er nå, med 18 timar i veka, blir andre fag skadelidande. Elevane får berre nokre av timane i faga i ordinær klasse, og på den måten utviklar dei faglege hol som vil gi utfordringar seinare.

6.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Hjelmeland skule

- har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk
- sikrar at det for elevar med behov for særskilt norskopplæring er ein innarbeidd framgangsmåte der det blir vurdert om eleven også har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring
- har ein rutine som sørgjer for at elevar med vedtak om særskilt språkopplæring får kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

Del 2: Skulebasert vurdering

7. Om tema

Denne delen av tilsynet handlar om skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Vurderinga av eiga verksemd betyr at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

I tilsynet vurderer vi om Hjelmeland skule gjennomfører skulebasert vurdering i samsvar med forutsetninga.

Elevvurdering, skulebasert vurdering og nasjonal vurdering skal sjåast i samanheng. Dei ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den einskilde eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skulen (Stortingsmelding 47, 1995-1996). Det overordna føremålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får et godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar sørgjer for at skulen ved skulebasert vurdering

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket

- vurderer ulike endringar som kan bidra til auka måloppnåing og følgjer opp desse
- sikrar brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skulebasert vurdering kan føre til at skulen ikkje forbetrar si organisering, tilrettelegging eller gjennomføring av opplæringa for å auke elevane si måloppnåing. Elevane får dermed ikkje det utbytte av opplæringa som dei elles kunne fått.

8. Skulebasert vurdering

8.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi oppgitt og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skulebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skulen skal velje tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06).

Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidrar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må derfor skulen samanhalde resultatet av opplæringa med dei mål og prinsipp som er formulert i læreplanverket. Denne vurderinga skal alltid, direkte eller indirekte, sikte mot å fremje elevane si utvikling og utbytte av læringa.

Som første del av å gjennomføre ei skulebasert vurdering, må skulen etablere eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidde av mål i læreplanverket. Kunnskapsgrunnlaget må byggje på kjelder som gir resultat frå faglege mål, og frå mål som omfattar elevane sin trivsel og utvikling på andre område enn dei faglege. I tillegg til egne kjelder har skolane tilgang til fleire nasjonale kjelder i Skuleporten, til dømes Elevundersøkinga.

Når skulen har fått eit breitt kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å gjere ei samla vurdering av i kva grad elevane når måla for opplæringa på ulike område. Dette skal gi skulen eit grunnlag til å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad elevane på skulen har nådd måla i læreplanverket.

Basert på denne refleksjonen må skulen velje tema for den skulebaserte vurderinga. Skulen skal sjå på område kor skulen vurderer at endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan fremje elevane si utvikling og utbytte av opplæringa. Det vil seie endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid ivareta breidden av mål for opplæringa.

Skulen skal vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva endringar som best kan auke måloppnåing for elevane innanfor det skulen har valt å sjå på i vurderinga. Måloppnåinga siktar her til alle måla i læreplanverket som inngår i det valde temaet, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skulen må vurdere endringar innanfor ulike rammer for opplæringa, og i utgangspunktet ikkje berre velje å sjå på ein type tiltak. Endringar skulen kan vurdere, er nye tiltak som for eksempel oppstart av eit utviklingsarbeid. Skulen kan også vurdere om vidareføring av det som skulen alt gjer, er det beste. Skulen må vurdere endringane på systemnivå for heile skulen, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klassar eller for enkelte fag.

Skulen skal følge opp dei endringane som dei eventuelt kom fram til i den skulebaserte vurderinga.

Hensikten med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå breidda av mål i læreplanverket. Når skulen gjennom vurderinga avdekkjer forbettringsområde, må skulen følgje opp dette vidare. Endringane kan både vere at skulen set i verk nye einskilde tiltak, eller at dei startar eit utviklingsarbeid. Skulen kan også kome fram til at dei berre vil oppretthalde og eventuelt forsterke det dei allereie gjer. I nokre tilfelle kan aktuelle endringar eller tiltak vere slik at det er nødvendig med en dialog med skuleeigar, før tiltaka eventuelt blir sett i verk.

Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

I ordet «skulebasert» ligg det at vurderinga må involvere alle involverte partar på skulen, både i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort om samanhengen mellom korleis opplæringa blir gjennomført og i kva grad elevane når måla. Lærarane vil også vere sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. Å involvere lærarane er derfor viktig for at eventuelle tiltak skal lykkast. Skulen vurderer kven som skal delta ut frå aktuelt tema. Å involvere elevane er aktuelt i mange tema.

Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg.

Den skulebaserte vurderinga må utførast i samsvar med forutsetninga, jf. dei føregåande krava til gjennomføringa av vurderinga. Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg, men tidsbruk må vurderast opp mot det forsvarlege og ut frå eit lokalt skjønn.

8.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Rektor, inspektør og faglærarane i matematikk, kunst og handverk og samfunnsfag, har fylt ut eigenvurderingsskjema (EVS) der dei grunngir kvifor dei meiner at dei oppfyller krava til skulebasert vurdering gjennom vedlagt dokumentasjon. Desse, saman med plandokument, rutinar, anna dokumentasjon og intervju, dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

8.3 Fylkesmannen sine vurderingar

I 2014 gjennomførte skulen Ståstadsanalysen og hadde ekstern skulevurdering. Her scora Hjelmeland skule lågt på elevvurdering. Desse resultatane dannar grunnlag for arbeidet med skulebasert vurdering som blir gjort no. Dokumentasjonen viser at leiinga ved skulen, inkludert inspektør og trinnleiarar, skaffar seg eit breitt kunnskapsgrunnlag om elevane sitt utbytte av opplæringa. Dette kunnskapsgrunnlaget blir brukt direkte i val av satsingsområde ved skulen. Resultata frå blant anna nasjonale prøvar, eksamen og elevundersøkingar ligg til grunn for val av tema. Dokumentasjon og intervju viser vidare at skulen brukar kunnskapsgrunnlaget til å foreta ei samla vurdering av i kva grad elevane når måla for opplæringa. På nasjonale prøvar ser skulen til dømes på framgang frå 8. til 9.trinn. Dette kjem bl.a. fram av eigenvurderinga og dokumenta «Årshjul med system for rutinar, tiltak og prosessar», «Plan for fellestid ved Hjelmeland skule» «Ansvarsområde og arbeidsoppgåver spes.ped.» og «Handbok». Elevane sitt resultat vert analysert opp mot innhald, organisering og ressursbruk ved terminslutt.

Intervjua og dokumentasjonen nemnt over viser at skulen sin kunnskap om utbytte av opplæringa hjå elevane kontinuerleg blir brukt av leiinga og lærarane for å tilpasse og eventuelt endre praksis for å auke læringsutbytte. Læringsutbytte hjå elevane, organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa blir planmessig tatt opp på team-møte, teamleiar møte, plangruppemøte og fellesmøte. Endringar og tiltak blir evaluerte og følgt opp i dei same fora. Det er nå brei medverknad i dette arbeidet, og det skjer jamleg. Vi vil likevel peike på at det er viktig at vilkåra frå kommunen gjer det mogleg for skulen å endre organisering og praksis når evalueringa viser at dette trengst, til dømes for elevane som har særskilt språkopplæring. Skulen har gjennom si eigenvurdering avdekkja ei ordning som ved endring av organisering kan auke desse elevane sitt læringsutbytte. Denne endringa, jamfør pkt. 6.3 i rapporten, må kommunen få på plass.

8.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Hjelmeland skule

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka læring hjå elevane
- følgjer opp dei endringar som dei eventuelt kjem fram til i den skulebaserte vurderinga
- har brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering
- gjennomfører skulebasert vurdering jamleg

9. Frist for retting av brot på regelverket

Fylkesmannen har i kapittel 4 konstatert brot på regelverket. I denne rapporten får Hjelmeland kommune frist til å rette brot på regelverket, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er **23.03.2018**. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at brotet på regelverket er retta, og ei utgreiing om korleis brotet er retta.

Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

Skulen sitt arbeid med opplæring i fag

1. Hjelmeland kommune må sørge for at det lokale arbeidet med læreplanar ved Hjelmeland skule oppfyller krava til opplæringslova § 2-3, jf. forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2.

Hjelmeland kommune må i samband med dette sjå til at

- a. elevane blir gjort kjend med kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga.
 - b. opplæringa dekkjer individuelle opplæringsmål i IOP
2. Hjelmeland kommune må sørge for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Hjelmeland skule er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Hjelmeland kommune må i samband med dette

- c. sørge for at alle IOP-ane fullt ut inneheld eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring avvik frå ordinær læreplan

Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

3. Hjelmeland kommune må sørge for at den individuelle undervegsvurderinga ved Hjelmeland skule bidrar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Hjelmeland kommune må i denne samanheng sjå til at

- d. lærarane rettleier elevane i kva det blir lagt vekt på i vurdering i det einskilde faget.
- e. lærarane gir elevane tilbakemeldingar på kva dei meistarar i faga.
- f. lærarane rettleier elevane om kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i det einskilde faget
- g. lærarane sørgjer for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid

Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

4. Hjelmeland kommune må syte for at Hjelmeland skule sikrar at utbyttet av opplæringa for den enkelte eleven blir systematisk vurdert og følgt opp, jf. opplæringslova §§ 1-3, 5-1, 5-4 og 5-5 og forskrift til opplæringslova § 3-11.

Hjelmeland kommune må i samband med dette sjå til at

- h. skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- i. skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at det for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, blir gjennomført vurdering av
 - arbeidsmåtar
 - vurderingspraksis
 - læringsmiljø

10. Kommunen sin frist til å rette

Som nemnt i kapittel ovanfor, har kommunen fått ein frist for å rette dei brot på regelverket som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for tilbakemelding er **23.03.2018**.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Una Bjørnseth Haugen
tilsynsleiar

Hjalmar Arnø
seniorrådgivar

Anne Marie Melberg Skaar
rådgivar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår som grunnlaget for tilsynet:

- Utfylte eigenvurderingar frå rektor/skulens leiing, faglærarar i matematikk, kunst og handverk og samfunnsfag
- «God undervisningspraksis»
- «Rutinar for arbeid med fagplanar»
- «Vår praksis for undervegsvurdering»
- Fagplanar for matematikk, kunst og handverk og samfunnsfag
- Oppgåver/prosjekt i ulike fag
- Vekeplanar
- IOP-skriving ved Hjelmeland skule
- Ansvarsområde og arbeidsoppgåver spes.ped.
- Sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, individuelle opplæringsplanar og årsrapportar for tre elevar
- «Minoritetsspråklege elevar og særskilt språkopplæring»
- To vedtak for elevar med særskilt språkopplæring
- Årshjul med system for rutinar, tiltak og prosessar
- Plan for fellestid ved Hjelmeland skule
- Handbok

Det ble gjennomført stedlig tilsyn 19. og 20.10.2017.

Det ble avholdt intervju med:

- Rektor og inspektør om skulebasert vurdering
- Rektor som ansvarleg for tilbod tilbud om spesialundervisning
- Rektor som ansvarleg for særskilt språkopplæring
- Faglærer i matematikk
- Faglærer i kunst og handverk
- Faglærer i samfunnsfag
- Elever med spesialundervisning
- Elever med særskilt språkopplæring
- Elever med ordinært opplæringstilbud